

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Fjellsenteret i Lom
Dato: 18.06.2018
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 947 89 126 (Magnus) eller 948 80 564 (Kari).
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Tidsplan:

Kl.10-11: Styremøte

Kl.11-1220: Omvisning på nye utstillinga på Fjellsenteret

Kl.1230-1330: Lunsj

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 17/2018	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 18/2018	Referatsaker		
RS	Konkurransesgrunnlag - Utlysing av oppdrag stiskjøtsel - Jotunheimen 2018		2017/6959
RS	Dugnadsarbeid i fjellet sommeren 2018 - Jotunheimen - Utladalen nasjonalpark - DNT Oslo og Omegn		2018/2865
RS	Rapport 2018 - Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel for drift og vedlikehold av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og Omegn		2013/1014
RS	Varsel om oppstart - Endring - Reguleringsplan - Gjendeosen - Reinsvangen		2018/2992
RS	Nasjonale turiststier: Møte 6. juni kommunestyresalen Vågå		2018/735
RS	Bidragsbeslut Recreational Carrying Capacity - TEG - Nordisk samarbeid		2018/3423
RS	Merkevaren Norges nasjonalparker - Behov for tilrettelegging av felles internettportal for dei store verneområda		2018/193
ST 19/2018	Delegerte vedtak		
12/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Busstransport til Glitterheim for pensjonistgruppe - Hans Magne Ramen		2018/2961
13/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Bruk av snøskuter for transport i samband med fjerning av gammal bru Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn		2018/2124
14/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone - Smørstabbtindane og Galdhøpiggen - Visit Jotunheimen		2018/2914
15/2018	Delegert vedtak - Delvis dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming av historisk vandrerute - Mountains of Norway		2018/3227
16/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2018 - Bruk av drone for opptak til TV-program - Monsen minutt for minutt – NRK Luftfoto		2018/2457
17/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Helikoptertransport av link i samband med tv-produksjon - NRK		2018/3371
18/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Midlertidig lavvo på Fannaråken - DNT		2018/3362

	Oslo og Omegn	
19/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport i samband med forprosjekt kraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn	2018/3196
20/2018	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2018 - Tilrettelegging for vegetasjonsundersøkelser i fossesprøytsoner - Universitetet i Oslo, Naturhistorisk museum	2018/2920
ST 20/2018	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Boring av rappellfeste/toppanker - Fjellsportgruppa i Årdal Turlag	2018/3415
ST 21/2018	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Helikoptertransport av varer til Vormeli - Utladalen naturhus	2018/3420
ST 22/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Motorferdsel - Helikoptertransport for ny gjetarhytte - Russdalen Beitelag	2016/8595
ST 23/2018	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Fellesøving for Norske Alpine Redningsgrupper på Sognefjellet - Nord- Gudbrandsdal alpine redningsgruppe	2018/2815
ST 24/2018	Eventuelt	

ST 18/2018 Referatsaker

Konkurransesgrunnlag - Utlysning av oppdrag stiskjøtsel - Jotunheimen 2018 2017/6959

Dugnadsarbeid i fjellet sommeren 2018 - Jotunheimen - Utladalen nasjonalpark - DNT Oslo og Omegn 2018/2865

Rapport 2018 - Jotunheimen nasjonalpark - Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel for drift og vedlikehold av turisthytter og kvisting av vinterruter - DNT Oslo og Omegn 2013/1014

Varsel om oppstart - Endring - Reguleringsplan - Gjendeosen - Reinsvangen 2018/2992

Nasjonale turiststier: Møte 6. juni kommunestyresalen Vågå 2018/735

Bidragsbeslut Recreational Carrying Capacity - TEG - Nordisk samarbeid 2018/3423

Merkevaren Norges nasjonalparker - Behov for tilrettelegging av felles internettportal for dei store verneområda 2018/193

ST 19/2018 Delegerte vedtak

12/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Busstransport til Glitterheim for pensjonistgruppe - Hans Magne Ramen 2018/2961

13/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Bruk av snøskuter for transport i samband med

fjerning av gammel bru Blåtjønnåe - DNT Oslo og Omegn 2018/2124

14/2018 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone - Smørstabbtindane og Galdhøpiggen - Visit Jotunheimen 2018/2914

15/2018 Delegert vedtak - Delvis dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming av historisk vandrerrute - Mountains of Norway 2018/3227

16/2018 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2018 - Bruk av drone for opptak til TV-program - Monsen minutt for minutt – NRK Luftfoto 2018/2457

17/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Helikoptertransport av link i samband med tv-produksjon - NRK 2018/3371

18/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Midlertidig lavvo på Fannaråken - DNT Oslo og Omegn 2018/3362

19/2018 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport i samband med forprosjekt kraftverk Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn 2018/3196

20/2018 Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon 2018 - Tilrettelegging for vegetasjonsundersøkelser i fossesprøytsoner - Universitetet i Oslo, Naturhistorisk museum 2018/2920

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2018/3415-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 11.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	20/2018	18.06.2018

Sak - Utladalen landskapsvernområde - Boring av rappellfeste/toppanker - Fjellsportgruppa i Årdal Turlag

Innstilling frå forvaltar

Søknad om boring av rappellfeste/toppanker krev behandling etter § 4 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde og naturmangfaldlovas § 48. Tiltaket er vurdert å ikkje påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig, så forvaltningsmyndigheita kan gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen.

Dette er ei type tilrettelegging som kan vere aktuell fleire stadar i verneområdet og presedensverkandane i er vurdert så store at søknaden vert avslege.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad ved e-post 07.06.18 frå Fjellsportgruppa i Årdal Turlag v/Arne Olav Nordgulen

Saksopplysningar

Fjellsportgruppa i Årdal Turlag søker om å sette opp rappellfeste/toppanker ved Hagaberg i Utladalen. Utdrag frå søknaden:


«Fjellsport gruppa i Årdal Turlag er ei undergruppe av Årdal Turlag for dei som driv med klatring, brevandring, skikøying, tinderangling, og andre fjellsportaktivitetar. Gruppa er ikkje berre ein samlingsplass for likesinna, men jobbar også aktivt med rekruttering og informasjon. Eit av måla for klatrekomiteen i Fjellsport gruppa er å etablere eit aktivt klatremiljø i Årdal. For å oppnå dette må det leggst til rette for fleire klatreruter til alle erfaringsnivå.

Klatrevæggen ved slåttemyra til Hagaberg har vist seg å være velegnet for både nybegynnarar og dei meir rutinerte klatrarane. Her har ein mogelegheit til å gå rundt veggene for å feste topptau utan å klatre på led, som er ein stor fordel for dei som ikkje har mykje erfaring med naturlege sikringar.



Å få etablert sikre toppanker og rappelfester i denne veggen vil gjera den til ein trygg og god vegg for rekrutteringa til klatremiljøet i Årdal, i tillegg til at det vil auka bruksområdet til Utladalen landskapsvernområde.

Inngrepet som trengst er minimalt i forhold til potensielt utbytte, og vil sjå penare ut enn den nåverande løysinga med kjettingar. Kjettingane blei etter det me veit lagt ut som ei midlertidig løysing ein gong på 90 talet. Til bolting ynskjer me å bruke 10mm ekspansjonsbolt. Det vil brukast to boltar på kvart rappelfeste, og to boltar på kvart toppanker.




På bileta over vil du sjå dagens løysing med naturleg sikring og kjetting. Me har også merka av på bilete kvar eventuelle rappellfester vil komme.

Politikameratane brukar desse festene når dei rappellera her med niande klassetrinn ved Farnes, og Tangen skule. Ei ny løysning vil dermed også komme dette tilbodet til gode gjennom auka sikkerheit.

Me håpar de vil vurdere denne søknaden, og ser fram til å høyra frå dykk.»

Kartutsnittet under viser plassering:



Verneformål – forskrift

Etter §3 pkt. 1.1 i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde er det forbod mot blant anna: «...sprening og boring, bryting av stein....». Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova (nml.) § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Formålet med vern av landskapsvernområdet er

«...å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høgfjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslir til høgfjell og artar knytte til desse.*
- *særprega vassdragsnatur og landskapsformer.*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Forvaltningsplan

Det er ikkje lagt inn føringar i forvaltningsplanen knytt til boring av fester i samband med klarting. Det er sett ned nokre få boltar i Jotunheimen nasjonalpark som sikkerheitstiltak ved enkelte vanskelege punkt langs mykje nytta turruter, t.d Besseggen.

Presedens

Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, så det er svært viktig å ha ei grundig vurdering av presedensverknaden.

Klatring er ein friluftssaktivitet som har vore praktisert i Jotunheimen og Utladalen lenge før verneområdet vart oppretta. Det er mykje fjell i område og bratte skrentar som kan ha ulik potensial for klatring. Klatremiljøet har vore konservativt ved at sporlaus ferdsel og sikring på eigne sikringar har vore normen.

Boreboltar til rappellfeste/toppanker lettar aktiviteten ved at forankringa vert sikker (som regel) og det er lettare for mindre erfarne klatrarar å nytte området. Aktiviteten kan auke monaleg og det blir ofte behov for å finne nye ruter i nærområdet. På den måten veks ofte klatrefelt utover. Behovet for tilrettelegging for dei mindre erfarne vil vere der i heile verneområdet og løyve til tilrettelegging for klatring ved Hagaberg vil ha presedens for andre område, særleg i landskapsvernområdet.

Vurdering

Hagaberg ligg sentralt i heime Utladalen på veg opp til Avdalen Gard på om lag 230 moh.. Her er eit kulturlandskap med mykje aktivitet og klatrehammaren ligg inntil ei open slåttemyr. Hammaren har blitt brukt til klatring og rappellering i fleire år og det er ikkje registrert sårbar vegetasjon her (§8 i naturmangfaldslova)).

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast *«dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjøn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Rappellfeste/toppanker er to boltar i fjell (ekspansjon eller tilsvarande) med kjetting som koplar dei saman. Tauet blir hengt opp i felles oppheng på kjettingen. Toppankeret er som regel galvanisert eller i rustfritt og er lite synleg frå avstand. Isolert vil kvart toppanker i liten grad påverke landskapet og dermed ikkje gå ut over verneverdiane nemneverdig. Formålet med tiltaket er å klatre og det fører som regel til erosjon eller slitasje langs ruta opp. I dette tilfellet er hammaren allereie teke i bruk til dette formålet slik at nye toppanker ikkje vil auke dette nemneverdig. Søknaden har teikna inn 6 toppanker på eit avgrensa areal. Grunna omfanget av søknaden vert det vurdert at tiltaket ikkje «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*» og at forvaltningsmyndigheita kan gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen §4.

Det er mykje bratte fjell både inne i verneområdet og utanfor, men søkjar poengterer at denne lokaliteten er eigna fordi det er lett å gå rundt å henge opp tau. Heimre Utladalen er eit flott område kor det ferdast mykje folk og forvaltninga har forståing for at eit attraktivt område også gjer innføring/rekruttering til klatring enklare. At hammaren allereie har vore brukt til dette formålet viser også at det er mogleg å drive denne aktiviteten utan denne tilrettelegginga med faste installasjonar (§ 12 i nml. om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*»).. Det er heller ikkje vist at det ikkje er mogleg å finne alternativ utanfor verneområdet.

Meir klatreaktivitet vil også auke etterspurnaden etter nye ruter. På bilete på søknaden er område til venstre markert som «ikkje utforska». Her kan det bli auka bruk (§9 i nml.)

Boring av toppanker og boring av mellomforankringar gjer klatringa enklare og sikrare (som regel). Kvar enkelt bolt endrar ikkje landskapet. Men summen av tilrettelegging kan påverke verneverdiane (§10 i nml.). Det kan vere mange lag/bedrifter/enkeltpersoner som ønskjer «sin» klatrehammer som gjer denne aktiviteten enklare og tryggare. Presedensverknaden av å gje løyve til denne søknaden vert vurdert som for store til at det bør bli gjeve løyve.

§11 i nml. er ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

Søknaden om bolting av rappellfeste/toppanker er vurdert å ikkje påverke verneformålet eller verneverdiane nemneverdig, så forvaltningsmyndigheita kan gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen.

Presedensverknaden av eit løyve vert derimot vurdert som så store at det vert tilråding om avslag av søknad.

Arkivsaksnummer: 2018/3420-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 12.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	21/2018	18.06.2018

Sak - Utladalen landskapsvernområde - Helikoptertransport av varer til Vormeli - Utladalen naturhus

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde, dispensasjon til transport av gass, varer, utstyr og søppel med helikopter i samband med drift av Vormeli sjølvbetjeningshytte. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld inntil 1 tur per år i åra 2018, 2019 og 2020.
- Transporten skal i størst mogleg grad samordnast med anna helikoptertransport i området.
- SNO Jotunheimen skal varslast seinast dagen før flyging med telefon/SMS (95965158) eller mail rigmor.solem@miljodir.no

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad om landingsløyve med helikopter datert 06.06.2018
- Mail om fleirårig behov datert 11.06.18

Saksopplysningar

Bakgrunn frå søknadane (utdrag frå søknadane):

«Stiftinga Utladalen Naturhus har ansvaret for Vormeli, og har nettopp gjennomført vedlikehald på bygningane der. Søppel er samla i sekkar med tanke på uthenting og ny gassbeholdar må inn til gassomnen.

20. juni gjer DNT ei helikopterflyging i samband med varetransport til sine hytter i området, og me søker med dette om å få landingsløyve i samband med denne flyginga for å fly inn gass til Vormeli og fly ut søppel og den gamle gassbeholdaren. Dugnadsgjengen melder at ein big bag i dette tilfellet vil bli for lett, slik at det som skal takast med ut må inn i helikopteret»

Då det er årleg behov for transport av gass, varer, utstyr og søppel til og frå Vormeli, vart ein einig om å vurdere dette som ein fleirårig søknad.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneforskrift

Det er eit generelt forbod mot motorferdsel i Utladalen landskapsvernområde etter §3 pkt. 6.1.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av blant anna luftfartøy etter § 3, pkt. 6.3 f): *«Transport av varer, brensel, proviant og utstyr inn til turisthytter, hytter og setrar.»*

Forvaltningsplan

I framlegg til forvaltningsplan frå 2008 er motorferdsel i samband med årlege behov knytt til turisthytter omtala:

«Permanente transportbehov i samband med drifta av turisthyttene, vinterstikking av skiløyper (tiltak som legg høva til rette for ålmenta) og til landbruksformål vil framleis kunne bli gjeve for fleire år. Dette føreset ei god samordning, informasjon og attendemelding. Av omsyn til andre brukarinteresser har dei som får slike løyve eit stort ansvar.»

Presedens

Nettverket av infrastruktur til fjellvandrarar er godt utbygd og etablert over mange år i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Motorferdsel skal haldast på eit minimum, men det er eit behov for transport av varer inn og søppel ut til turisthytter som Vormeli. Sjølvbeteningshyttene har eit mindre behov enn dei betjente hyttene.

Vurdering

Vormeli ligg i fremre Utladalen ved om lag 550 moh. på vestsida av elva Utle. Vestsida av Utle ligg i den såkalla «verneona» Hurrungane i forvaltningsplanen for Jotunheimen og Utladalen. Her skal det vere lite tilrettelegging for friluftsliv. Det er ikkje T-merka sti til Vormeli, men det er rydda sti frå den T-merka stien mellom Vettismorki og Skogadalsbøen og frå den T-merka stien i Gjertvassdalen. Det er bru over Utle og Maradøla. Vormeli var tidlegare eit eige gardsbruk, men vart fråflytta og har sidan vore fjellstøl. Sidan 70-talet har eitt stølshus fungert som sjølvbeteningshytte og bygget har vorte vedlikehalde i fleire omgangar. Frå 2009 har det vore årleg rydding og slått av stølsvollen. Utladalen naturhus driftar både skjøtselen og drifter hytta. Hytta er av enkel standard og har fire overnattingsplassar. Vormeli ligg i bjørkeskogbeltet og vegetasjonen er frodig. Her er mykje hjortedyr. Besøkstala er små og eit tilbod for fjellvandrarar som vil bu enkelt og roleg. I tillegg til å vere ein del av villreinområdet, er det regelmessig hekking av kongeørn i fremre Utladalen (§8 i naturmangfaldslova (nml.)).

Vormeli er prega av ro og stillheit. Standarden på hytta er enkel og det er derfor lite behov for transport. Ut frå føre-var-prinsippet er det viktig at transporten blir koordinert med anna helikoptertransport i området (§9 i nml.). Det er eit visst behov for transport til og frå ei turisthytte og det er ønskjeleg å halde nivået så lågt som mogleg (§10 i nml.) Vormeli ligg veldig langt frå næraste bilveg og helikoptertransport er mest formålstenleg (§12 i nml.).

§11 i nml. er ikkje aktuell for dette tiltaket.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2016/8595-27

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 11.06.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2018	18.06.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Motorferdsel - Helikoptertransport for ny gjetarhytte - Rusdalen Beitelag

Innstilling frå forvaltar

1. Rusdalen Beitelag får med heimel i verneforskrifta § 3, pkt. 6.3. f), løyve til bruk av helikopter for nødvendig transport av byggematerialar og utstyr inn til tomt for ny gjetarbu.
Vilkår:
 - Helikopterløyvet gjeld for inntil 10 hiv som skal utførast i løpet av sommar/haust 2018.
 - Helikoptertransporten skal utførast på vekedag og ikkje i helg.
 - Innflyging skal vera frå eigna lokalitet ved Fv. 51, for å unngå lågtflyging over meir sårbare og sentrale delar av nasjonalparken.
 - SNO v / Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt for transporten seinast dagen før. Mobilnr. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no.
 - Når tiltaket er ferdig, skal nasjonalparkforvaltar ha melding om utført tiltak og oversikt på tal turar med helikopter. Frist for tilbakemelding: 1. november 2018.
2. Rusdalen Beitelag får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for oppføring av ein enkel utedo (innvendig mål ca. 1 m²) for å sikre hygienisk tilfredsstillande forhold rundt gjetarhytta.
Vilkår:
 - Plassering skal skje lågt i terrenget, på plass påvist av Statskog ved synfaring 7. juni.
 - Utedoen skal ha farge og materialval som går mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera lik gjetarhytta, og eventuelle takplater skal ha matt og mørk overflate. Naturmaterialar som torv, tre eller skifer kan nyttast på taket i staden for plate.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad av 07.06.18 frå Rusdalen beitelag, sendt ved e-post av 08.06.18
2. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - sak 21/2017 i møte 20.04.2017 – stadfesting av styrets vedtak i sak 11/2017 av 08.03.18 om dispensasjon for oppføring av gjetarbu.
3. Miljødirektoratet brev 31.01.18 – Endringsvedtak som gir løyve til oppføring av gjetarbu i Rusdalen på same vilkår som fastsatt i vedtak 8. mars 2017 frå Jotunheimen nasjonalparkstyre.

4. Statskog – Kopi av brev til Vågå kommune – Søknad om oppretting av punktbeste for oppføring av gjetarbu og utedo på tomt avklara ved felles synfaring 7. juni

Saksopplysningar

I samband med behandling av dispensasjon for ny gjetarhytte vart det påpeika: «*Det må og søkjast om dispensasjon for eventuell motorisert transport i samband med byggeprosessen.*»

Russdalen beitelag har som oppfølging av dette sendt følgjande søknad ved brev av 7. juni:

Vågå Avløysarlag SA avd. Russdalen beitelag fekk 31.01.2018 innvilga dispensasjon for oppføring av gjetarbu i Russdalen, jfr. deres ref. 2016/8595-19 432.3.

Byggearbeider vil ta til sommaren 2018.


Vågå Avløysarlag SA avd. Russdalen beitelag søker med dette om følgjande løype:

- Helikoptertransport. Anslagsvis 10 turar med materialer og utstyr til hyttebygging.
- Oppføring av enkel utedo, ca. 2 kvm.

Byggeprosjektet vart befart den 07.06.2018, der m.a. Statskog og Nasjonalparkforvaltar deltok. På denne befaringa vart koordinatar for plassering av hytte og do fastsett.

Statskog har ved brev av 8. juni sendt søknad om frådeling av punktbeste for tilsynsbu ved Russvatnet til Vågå kommune, vedlagt kart med koordinatar. Kartutsnitt vedlagt søknaden:

Tisynsbu Russvatnet



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Motorferdsel

§ 3 pkt. 6.1 set generelt forbod mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark:

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretingar.

Bygningar

Verneforskrifta § 3, pkt. 1.1 slår fast at *«området er verna mot inngrep av ein kvar art»*.

Spørsmål om uthus/utedo er har ingen særskild heimel i verneforskrifta, og må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen – d.v.s. Naturmangfaldlova § 48.

Generelt for bygg gjev forskrifta § 3 pkt. 1.3. siste ledd følgjande føringar:

«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument, inntil revidert plan ligg føre. Utkastet har følgjande retningslinjer i kap. 8.1 – Landbruk:

«Det landbruket som dei seinare åra har vore utøvd etter at setringa vart nedlagt, er beite med bufe. I Veodalen og Storådalen/Veslådalen (Gjendebu) er det i dag organiserte fedrifter. Sau beiter over relativt store område, særleg i Russdal-området, Gjende-området og i Utladalområdet ved Guridalen. I samband med fedriftene kan det koma ønskje om bygging av anlegg som gjerde, bruer og klopper. Slike konstruksjonar vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Vurderinga vil m.a. hengje saman med kor urørt området er og i kva for sone det ligg og om det er konstruksjonar på staden. - - -

Retningslinjer:

Landbrukstiltak som fremjar verneformålet, m.a. ivaretaking av kulturlandskapet, vil få positiv handsaming. Nye konstruksjonar i samband med landbruksdrift vil bli vurdert i kvart enkelt høve. Løyve til nye byggverk i område der det ikkje er slike frå før vil som hovudregel ikkje bli gjeve.»

Elles har forvaltningsplanen ei soneinndeling, der Russdalen ligg i brukssone med store kvalitetar. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: *«Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*



Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12 og den generelle dispensasjonsheimelen som behandlast etter § 48 i naturmangfaldlova.

§ 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon berre dersom tiltaket «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon *må* heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra elles kan vera oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Presedens

Motorisert transport er nødvendig pga avstand til bilveg. Det er få gjetarbuer i verneområdet. Det er utedo ved andre gjetarbuer. Tiltaket blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens.

Vurdering

Avstand frå bilveg gjer det nødvendig med motorisert transport, og helikopter blir vurdert som den mest skånsame og effektive transporten til dette området. Sidan det ikkje er nokon plass å lagre materialane, er det ein fordel å kunne frakte inn det som trengst på byggeplassen i samband med byggestart på bermark. Tiltaket vert vurdert å koma inn under § 3 pkt. 6.3 f), som opnar for motorisert transport av materialar i samband med godkjende byggetiltak.

Forskrifta har ikkje spesifisert unntaksheimel for nybygg til landbruksformål på lokalitetar der det ikkje er noko husvære frå før, og søknaden om utedo må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering § 48 i naturmangfaldlova. Ein enkel utedo i tilknytning til godkjent bu blir ikkje vurdert å koma i konflikt med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, og fyller såleis vilkåra for å kunne vurdere ein dispensasjon med heimel i nml § 48. Fjelloppsynet spelte også inn spørsmål om utedo, da det lett oppstår forsøpling og uhygiensiske forhold der ein ikkje har ordna toalettløsning. Under synfaringa 7. juni vart ein eigna lokalitet koordinatfesta og merka i terrenget av Statskog sin representant.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 – Kunnskapsgrunnlaget: Det er relativt god kunnskap om området, og det er ikkje registrert særleg sårbare artar i nærleiken av tomta eller i innflygingsleia.
- §§ 9 og 10 om Føre-var prinsippet og Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel, og verknad på naturmiljøet vil vera knytt til den dagen helikoptertransporten skal foregå. Belastning i form av støy skjer over eit avgrensa tidsrom. Ein enkel utedo i tilknytning til godkjent gjetarbu blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens. Tiltaket er knytt til eksisterande landbruksdrift, og ordna toalettforhold vil vera meir fordel enn ulempe sett i høve til verneverdiane – jf. § 3 pkt. 7.1: «*All slags ureining og forsøpling er forbode.- -*»

- § 11 – Kostnadene ved miljøforringing: Spørsmålet vert vurdert som ikkje relevant.
- § 12 – Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Helikoptertransporten skal utførast på sommar/haust, og vil ikkje koma i konflikt med hekketid eller yngletid for sårbare artar. Innflyging må skje frå eigna plass nær Fv. 51 og følgje dalføret, for å unngå overflyging på meir sårbare og sentrale delar av nasjonalparken. Transport skal skje på vekedag.

Konklusjon:

Tiltaka er i eit område med omfattande beitebruk og ein del ferdsel via merka turruter i lia ovafor den aktuelle tomta. Det vil ikkje skape auka aktivitet ut over sjølve byggeprosessen, og blir ikkje vurdert å medføre merkbare negative konsekvensar for naturmangfaldet. Oppføring av ein enkel utedo i tilknytning til hytta vil ikkje gå ut over verneverdiane, og vil vera eit førebyggjande tiltak mot ureining – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1, første ledd: «*All slags ureining og forsøpling er forbode.- -*»

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2018/2815-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 29.05.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2018	18.06.2018

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2018 - Fellesøving for Norske Alpine Redningsgrupper på Sognefjellet - Nord-Gudbrandsdal alpine redningsgruppe

Innstilling frå forvaltar

Nord-Gudbrandsdal alpine redningsgruppe får med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, dispensasjon frå verneforskriftas § 3 pkt. 6.1 (forbod mot motorferdsel og lågtflyging) i samband med planlagt fellesøving for Norske Alpine Redningsgrupper på Sognefjellet 21.-23. september 2018.

Løyvet blir gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld nødvendig lågtflyging og landing med helikopter i området Bøverbreen - Smørstabbreen og Kalven / Skeie 21.-23. september for målretta redningsøving på utvalde lokalitetar. Samøvinga har stor nytteverdi, og det er vanskeleg å finne tilsvarende lokalitetar med same utbytte utanfor nasjonalparken.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem (mob. 959 65 158) er varsla om tidspunkt ved kopi av denne meldinga, og skal ved eventuell endring av dato ha melding om dette seinast dagen før gjennomføring.
- All aktivitet skal foregå på ein måte som tek omsyn til eventuelt dyre- og fugleliv og til andre brukarar av området.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad av 11.05.18 frå Nord-Gudbrandsdal alpine redningsgruppe v/ Albert Lunde
2. Spørsmål om tilleggsopplysningar ved e-post 14.05.18 frå nasjonalparkforvaltar.
3. Utfyllande informasjon ved e-post av 14.05.18 frå A. Lunde

Saksopplysningar

Nord-Gudbrandsdal alpine redningsgruppe v/ Albert Lunde har ved e-post av 11. mai sendt følgjande søknad om dispensasjon frå verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark:

«Fellesøvinga for Norske Alpine Redningsgrupper (NARG) er i år lagt til Sognefjellshytta i tida 21. - 23. september, og Nord-Gudbrandsdal alpine redningsgruppe er vertskap og

teknisk arrangør. Me ventar 60-80 gjestar frå alpinredningsgrupper i heile landet, luftredningstenesta, representantar frå Hovudredningssentralane i Sør- og Nord-Norge, Justis- og beredskapsdepartementet, Politiet, lokal redningsteneste og private aktørar. I denne forbindelse søkjer me om løyve til motorisert ferdsl i utmark, i form av samøvingar mellom bakkemannskap og helikopter. Øvingane er planlagt til å kunne gå føre seg i området rundt Sognefjellshytta, Breidseterdalen, Bøvre på strekninga Sognefjellet til Burmavegen, Dumdalen, Bøverbreen - Smørstabbreen og Kalven / Skeie. Samøvinga går ut på å hente / bringe klatrarar og figuranter / pasientar med helikopter med underhengande tau, heising med vinsj eller ved landing.

Me søkjer og om å løyve til å arrangere øving i ei av grottene i Dumdalen, etter anvisning frå rette vedkommande. I samanheng med øvingane kan det bli brukt festemidlar for sikring av klatrarar og figuranter. I den grad det er naudsynt å ta i bruk boreboltar, så vil det kun bli nytta boltar som kan fjernast når øvinga er slutt, og dersom det vert vurdert som naudsynt. Me ber derfor og om ei vurdering av slik bruk av sikringsmidlar for klatring. Breidseterdalen: Eit par plassar ser ut til å ha potensiale for klatreruter, og der kan det vera ønskeleg å sikre klatringa med faste boreboltar. Me søker om løyve til å etablere klatreruter i Breidseterdalen, dersom det er praktisk mogleg.

Norske alpine redningsgrupper legg vekt på sporlaus ferdsl, og vil sørge for å rydde opp og fjerne alt utstyr som vert brukt i øvingane.»

Søklar er gjort merksam på at Dummdalen ligg i Breheimen nasjonalpark, og søknaden er sendt forvaltninga der. Lokalitetane som ligg innan Jotunheimen nasjonalpark Bøverbreen - Smørstabbreen og Kalven / Skeie. Resten av øvingane er lagt utanom verneområdet.

Tekniske redningsøvingar skal ifølgje sentrale retningslinjer i utgangspunktet leggast utanom verneområde. Etter førespurnad frå nasjonalparkforvaltar er det ved e-post av 14.05.18 gjeve tilleggsopplysningar som grunnleggjeh behovet for å ha delar av denne øvinga innan nasjonalparkgrensa. For øving på bre, i stor høgde over havet, og i bratt terreng er det ikkje mogleg å finne tilsvarende lokalitet utanfor nasjonalparken. Det er vedlagt detaljerte prosedyrar for ulike øvingselement, med slik oppsummering i tilleggsopplysningane:

«Redning på bre:

Eg syner til vedlagte prosedyrer for Norske alpine redningsgrupper; «Redning på bre og bratt snø», særleg kapittel 1.1.9 om «Utsetting med helikopter på snødekt bre». Her er det ulike metodar med ulike helikopter, og desse prosedyrene kan berre bli øvd på breene. Til øvinga vil det komme i alle fall tre ulike helikoptertypar, og det er noko ulik framgangsmåte for kvar av desse. Det er også aktuelt å ta med ein del tungt utstyr for frigjøring og frakting av pasientar på breene (kapittel 1.1.10 og 1.1.11), med ulike tilnærmingar avhengig av om det er snødekt bre eller blåis, og det er eit øvingsmoment å kunne ta i mot dette på en trygg måte, på ein snødekt bre. Eit tilleggsmoment her er tidsbruk og tryggleik, både i samband med avvikling av øvinga, men også i ei reell hending, der det er viktig å få satt i gang innsatsen så snart som råd. Trygg og rask innsats er heilt avhengig av samøving mellom helikopter og klatrarar under realistiske tilhøve.

Øving i stor høgde over havet:

Det er kjent at helikopter har visse utfordringar med operasjonar som går føre seg i stor høgde over havet (> 1600 moh). Dette er ulikt for dei ulike helikoptertypene. I denne øvinga er det eit mål å gje klatrarane erfaring med å bli satt av (heising, underhengande tau eller ved landing, avhengig av helikoptertype som bistår i oppdraget), med utstyr, på smale fjellryggar, i vedvarende bratt terreng (fjell, is, snødekt bre). Det er vanskeleg å oppnå realistisk trening under aksjonslike tilhøve andre stader enn inne i nasjonalparken. Som eit døme, sjå vedlagte prosedyre for samarbeid med CHC sitt Super Puma helikopter fra

Florøbasen. Det vil også vera nyttig for de ulike helikopteroperatørene å gjera seg kjend med dei tilhøva som dei kan møte i Jotunheimen.

I vedvarende bratt terreng:

Enkelte av metodane som nyttast i alpin redningsteneste krev eit nært samarbeid med helikopter, både på grunn av vekten av utstyret, og på grunn av store høgdeskilnader. Dette er det vanskeleg å øve trygt på andre stader enn på etablerte klatreruter, eller i kjent terreng. Det er klatreruter og/eller mykje brukte opp-/nedganger til fjellryggane på Skeie / Kalven, og det er derfor desse er valde som øvingsstad. Overgang frå fast fjell til snødekt bre er og eit aktuelt øvingstema, og dette momentet er berre tilgjengeleg inn på breane. Som eit døme, sjå vedlagte prosedyrar; Samarbeid med luftambulans og Superlongline.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Motorferdsel

§ 3 pkt. 6.1 set generelt forbod mot motorferdsel i Jotunheimen nasjonalpark:

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»


Redningsøvingar kjem ikkje inn under dei generelle unntaka eller dei spesifiserte formåla under pkt. 6.3 som forvaltningsstyresmakta forvaltninga kan gje løyve til. Søknaden må derfor behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4:

«Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument, inntil revidert plan ligg føre. Utkastet legg til grunn at «Redningsøvingar som treng bruk av motoriserte kjørety skal i størst mogleg grad leggast utanom verneområda.»

Elles har forvaltningsplanen ei soneinndeling, der Smørstabbreen ligg i brukssone med store naturkvalitetar, teig 8. Forvaltningsplanutkastet understrekar at: «Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



Teiknforklaring

- Sone utan tilrettelegging og inngrep, teig 1 - 4
- Brukssone, teig 5 - 11
- Brukssone

«Teig 8: Smørstabbreen-området

Området har store naturkvaliteter knytt til breane og avsetningar frå desse. Om sommaren er Smørstabbreen lett tilgjengeleg både frå Sognefjellet og frå Leirdalen/Gravdalen. Området er særleg attraktivt pga spennande fjelltoppar og brear.. Vegen over Sognefjellet blir opna omlag 1. mai. Området er difor mykje nytta til skigåing på forsommaren. I turistsesongen er det turar med førar over breen. På breen blir det årleg arrangert fleire brekurs. Det er ingen hytter eller merkte stiar i området, men ruta over breen mellom Krossbu og Leirvassbu vert kvista til påska. Det er utført tiltak (klopplegging) i høve til slitasjeskader på myr/vegetasjon på stien mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen. Det er mange døme på uforsvarlig ferdsel i området og ved gjevne mellomrom er det ulykker og redningsaksjoner på breane i området. Det er behov for å videreutvikle informasjon om forsvarlig ferdsle på bre i området.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- --
- Leveområde for villreinen
- ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Presedens

Det vart i sak AU-2/2015 gjeve dispensasjon for lågtflyging i samband med uttesting av nye helikopter for Luftambulansen. Hovudårsak for dette var behov for uttesting av flyeegenskapar i stor høgde, og alle fjelltoppar over 2300 m.o.h. ligg i Jotunheimen nasjonalpark. Den føreliggande søknaden syner tilsvarande behov for å kunne øve innan verneområdet. I tillegg ville testinga i parken kunne gje verdfulle og realistiske erfaringar i eit område med stor utfart og forventa aktivitet innan redningstenesta i same områda.

Vurdering

Denne vurderinga gjeld lokalitetane innanfor Jotunheimen nasjonalpark. Den førebyggjande redningstenesta er viktig for friluftslivet. Den friviljuge delen av redningstenesta er viktig for den samla beredskapen i fjellet. Miljøverndepartementet sine retningslinjer for redningstenesta sin bruk av motoriserte hjelpemiddel (Rundskriv 13/120) seier m.a. følgjande «Øvingskjøring og kjentmannskjøring innanfor et verneområde kan skje dersom det gis dispensasjon fra verneforskriften etter den generelle dispensasjonsbestemmelsen i naturmangfoldloven § 48. Søknad om dispensasjon sendes forvaltningsmyndigheten for verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal vurdere slike søknader etter § 48 første alternativ, som gjelder dispensasjon for kjøring som ikke er i strid med verneformålet, eller som kan skade verneverdiene nevneverdig.»

Den delen av opplæringa som gjeld rein teknikk, skal i utgangspunktet leggjast utanom verneområde, men innhenta supplerande opplysningar viser at det er vanskeleg å finne lokalitetar utanom verneområde som gjev tilsvarende utfordringar og utbytte av øvinga.

Motorisert transport er nødvendig i samband med redningsaksjonar, og testing av utstyr er ein del av beredskapen. Andre brukarar av området kan nok til ein viss grad bli uroa av motorstøy, men aktiviteten vil skje over eit relativt kort tidsrom på ei tid av året utanom høgsesong for friluftslivet. Ein par dagar med helikopterflyging vil ikkje gå ut over verneverdiane isolert sett, og oppdraget er ikkje av slik karakter at ein kan få mange liknande søknader. Det er derfor vurdert at tiltaket ikkje strir mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Sjølv om øvingar i størst mogleg grad skal leggjast utanom verneområde, er det i dette tilfellet vanskeleg å finne tilsvarende lokalitetar som kan gje like høg kvalitet på samøvinga. Området er i tillegg blant dei mest brukte områda for brevandring og toppskiturar, slik at sjansen for å bli kalla ut på redningsoppdrag i dette området er stor. Det er store samfunnsinteresser knytt til ei slik øving, og fordelane ved å gje dispensasjon blir vurdert som større enn ulempene.

Vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12:

- *Kunnskapsgrunnlaget* om naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom registreringar i Artskart/Naturbase, andre bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Helikopterflyging i området rundt Smørstabbrean/Bøverbrean med utgangspunkt Sognefjellshytta i slutten av september vil i liten grad påverke naturmangfald og dyreliv som er kjent i området.
- *Føre-var-prinsippet* (§ 9) tilseier ein streng praksis når det gjeld motorferdsel. Ein vil få støy i eit avgrensa tidsrom, men tiltaket gjev ikkje varig påverknad. Påverknaden på verneverdiane av motorferdsel varierer både av tid på året, det generelle omfanget og måten motorferdsla vert gjennomført på.
- Etter § 10 "*Økosystemtilnærming og samlet belastning*" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er knytt til nødvendig beredskap, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Det er derfor behov for ein best mogleg beredskap. Tiltaket skjer over eit kort tidsrom knytt til eit planlagt opplegg, og ein kan ikkje sjå at det vil koma mange liknande saker som gjev uakseptabel samla belastning. Det er likevel viktig med god organisering av øvinga for å redusere den samla belastninga (§§ 9 og 10 i nml.)
- § 11 om "*kostnader ved miljøforringelse*" er ikkje vurdert som relevant.
- § 12 "*Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode*": Helikopter inngår som element i øvinga. Forvaltningsplanen legg føringar for å unngå motorisert aktivitet i helger og feriar i størst mogleg grad, men sidan dette er frivillig arbeid vert det opna for bruk av helg.

Konklusjon:

Tiltaket er av stor samfunnsmessig verdi, og fordelane er vurdert som klart større enn ulempene. Jotunheimen er av dei mest besøkte fjellområda både vinter og sommar. Dei ulike gruppene innan redningstenesta gjer ein viktig jobb med å bidra til å ivareta tryggleiken for dei mange som ferdast i nasjonalparken. Jotunheimen er eit område der kombinasjonen av mange besøkande og alpint terreng med eit barskt klima medfører behov for god beredskap for å kunne gjennomføre nødvendige redningsaksjonar. Målretta øvingar er nødvendig for å teste utstyre og trene mannskapet mot ei best mogleg redningsteneste i høgfjellet. Det er viktig å leggje motorisert aktivitet til eit konsentrert tidsrom på ei tid av året da det er til liten sjenanse for dyreliv og for andre brukarar av fjellområda. Hausten er ei god tid for gjennomføring med tanke på dyreliv og andre brukarar.